

Avlsplan

for den norske

fjordhesten



Gjeldande frå 2026

Innhald

1.	Føremål og verkeområde for avlsprogrammet.....	4
2.	Identifisering og registrering.....	4
3.	Reglar for inndeling av dyr i stambok	4
4.	Raseskildring.....	4
4.1.	Rasetype og preg.....	4
4.2.	Kroppsbygnaad og muskulatur	5
4.3.	Beinkvalitet og beinstilling.....	5
4.4.	Rørsler	6
4.5.	Helse og haldbarheit.....	6
4.6.	Åtferd.....	6
4.7.	Farge, urteikn og avteikn.....	6
5.	Avlsmål og seleksjon	7
5.1.	Eksteriør.....	7
5.2.	Brukseigenskapar	7
5.3.	Helse	8
5.3.1.	Uønskte arvelege sjukdommar hjå avlsdyr.....	8
5.4.	Åtferd.....	8
6.	Utval av hingstar	8
6.1.	Utstillingsrett.....	8
6.2.	Kåring/premiering	8
6.4.	Forløp avlsgodkjenning.....	9
6.4.1.	Første gongs individdømming	9
6.4.2.	Andre gongs individdømming av kåra hingst	9
6.4.3.	Tredje gongs individdømming av premiert hingst.....	9
6.5.	Fruktbarheit.....	9
7.	Utval av hopper.....	9
7.1.	Fruktbarheit hopper	10
8.	Bevaring av genetisk variasjon.....	10
8.1.	Vektlegging av stamme i kåringsavgjerder	10
8.2.	Hoppekvoter.....	10
8.3.	Andre tiltak	10
9.	Reproduksjonsformer	10
9.2.	Bruk av sæd frå død eller kastret hingst	10
9.3.	Hingstar kåra og stasjonert i utlandet	11
10.	Oppfølging av avlsplanen	11
10.1.	Revisjon av avlsplan.....	11
10.2.	Endringsframlegg avlsplan.....	11

11. Informasjon om tredjepart	11
Vedlegg	12
Vedlegg 1 Inndeling av stambok for fjordhest	13
Vedlegg 2 Diskvalifiserande eigenskapar	14
Vedlegg 3 Indeksar, premiering og rangering	15
Vedlegg 4 Helseundersøking av hingstar	17
Vedlegg 5 Kåringsinstruks for fjordhest	18
Vedlegg 6 Bruksprøver for fjordhest.....	22
Vedlegg 7 Reglar for avlsgodkjent hingst	25
Vedlegg 8 Avkomsvurdering	26
Vedlegg 9 Kontroll med innavlsutvikling.....	27

1. Føremål og verkeområde for avlsprogrammet

Føremålet med avlsprogrammet for fjordhest er å ta vare på genetisk variasjon i rasen, ta vare på rasetype og preg, samt overvake og forbetre helserelaterte eigenskapar. Avlsplanen skildrar korleis avlsarbeidet skal skje for å sikre berekraftig avl av fjordhest.

Noreg er notifisert moderstambok for fjordhest internasjonalt. Avlsprogrammet har hovudsakleg verkeområde i Noreg, men jmf. årsmøtevedtak i Norges Fjordhestlag (NFL) frå 2023 kan også avlsorganisasjonar for fjordhest i utlandet velje å knytte seg til den norske stamboka. I 2024 vart verkeområdet utvida til også å gjelde Nederland, der ein av landets to avlsorganisasjonar for fjordhest har lagt den norske avlsplanen til grunn for sitt avlsarbeid og også ønskjer å registrere hestar i vårt register.

NFL arbeider også gjennom Fjord Horse International, som samlar fjordhestorganisasjonar og stambøker i fleire land, med oppdatering av *The Official Handbook for Fjord Horse Judges*, der den norske avlsplanen for fjordhest vert lagt til grunn. Slik vil fjordhestar som vert unfanga og fødte i andre land også i større grad verte omfatta av den norske avlsplanen for fjordhest.

2. Identifisering og registrering

Norsk Hestesenter (NHS) dokumenterer avstamming for fjordhest gjennom DNA-testing og registrerer fjordhestar etter oppdrag frå NFL i samsvar med dei til ein kvar tid gjeldande krav i Forskrift som utfyller dyrehelseforskriften med bestemmelser om landdyranlegg og rugerier og sporbarhet av landdyr og rugeegg (landdyrsporbarhetsforskrifta)¹ og Forskrift om avl av storfe, svin, sau, geit og hest (husdyravlsforskrifta)².

3. Reglar for inndeling av dyr i stambok

Stambok for fjordhest er inndelt i eit register der alle fjordhestar vert registrert i ulike nivå avhengig av avstamming og godkjende ledd i denne. I tillegg til registerstamboka vert det ført ei elitestambok for fjordhest. Elitestamboka omfattar alle premierte dyr. Sjå vedlegg 1, Inndeling av stambok for fjordhest.

4. Raseskildring

Fjordhesten skal vere ein sterkbygd, hardfør, velbygd og atletisk hest med stor utstråling og sjarm. Fjordhesten skal vere påliteleg, samarbeids- og arbeidsvillig samstundes som han er avbalansert og roleg. I tillegg er målet naturlege og godt balanserte rørsler med god framdrift. Fjordhesten skal vere ein allsidig hest som er enkel å handtere.

4.1. Rasetype og preg

Ved vurdering av rasetype, preg skal følgjande trekk vurderast:

Storleik: Det er inga øvre og nedre grense for storleiken, men det er ønskjeleg at hesten er mellom 135 og 150 cm i stangmål mankehøgde. Ved storleik som avvik frå desse måla skal det påpeikast i dommarkortet, og det kan trekkast på rasetype og -preg dersom storleiken gjer at hesten ikkje er rasetypisk.

¹ <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2022-04-07-637?q=landdyrsporbarhets>

² <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2018-01-31-145?q=Forskrift%20om%20avl%20av%20storfe>

Hårsetnad: Panneluggen på vaksne hestar skal ønskjeleg rekke ned om auga. Fjordhesten skal ha ståman, klipt i ein konveks fasong som er tilpassa hesten si overlinje. Hestar som vert viste på utstilling med lang man skal ikkje trekkast på rasetype og preg, men det skal merkast i dommarkortet at hesten har lang man.

Hovudet: Hovudet utgjer ein viktig del av særpreget til fjordhesten. Det bør vere lite og godt markert, med ei brei og flat panne. Naseryggen bør vere kort og kan vere rett, men helst lett konkav. Det er ikkje ønskjeleg med konveks naserygg. Auga bør vere store, mørke og klåre og gje eit tillitsfullt uttrykk. Glasaug er ikkje godkjent, sjå vedlegg 2 Diskvalifiserande eigenskapar. Det er ønskjeleg med store, vide nasebor, slik at mulen får ein meir firkanta fasong. Kjevane bør vere godt markerte, særleg på hingstane, men dei må ikkje vere så kraftige at hovudet verkar tungt. Det skal vere god breidde mellom underkjevane (hakegropa). Øyrene skal vere breistilte og korte, parallelle å sjå til og ha ein markert tupp.

Kjønnspeg: Det skal vere tydeleg forskjell i preg mellom hingst og hoppe. Dette kan skildrast ved at hovudet til ei hoppe oftast vil vere litt meir finmeisla enn hos ein hingst. Ei brei panne og kraftige kjevar, saman med godt markerte og store auge, kan gje inntrykk av ein meir trekanta hovudfasong hos hanndyra. Det er i tillegg ønskjeleg at halsmuskulaturen, særleg på oversida av nakken og halsen, er kraftigare hos hingstar enn hos hopper.

4.2. Kroppsbygning og muskulatur

Ved vurdering av kroppsbygning og muskulatur er det følgjande trekk som skal ligge til grunn for vurderinga:

Halsen: Halsen bør vere vel ansatt utan utprega underhals og ha ei konveks overlinje. Særleg hingstane bør ha kraftig halsmuskulatur. Halsen bør ikkje være lågt ansatt. Det er særleg viktig med ein lengre nakke og ein smidig overgang mellom hovud og hals. Lang, tynn hals er ikkje ønskjeleg.

Bog og manke: Bogpartiet har stor innverknad på rørslene til hesten. Difor er det ønskjeleg med ein godt markert, lang og skrå bog. Manken skal ikkje vere rund, men lang og tilstrekkeleg markert. Manken skal utgjere ein jamn overgang frå nakke/hals til rygg.

Overlinje: Rygg- og lendepartiet bør vere jamt, godt muskelsett. Ryggen bør ikkje vere for lang eller for kort, og lenda bør vere kort og sterk. Overgangen mellom rygg og kryss skal vere bøyeleg og samtidig sørgje for at midtstykket og bakparten vert skøyte jamt og sterkt i hop.

Bakpart: Krysset bør vere langt, breitt og godt muskelsett. Krysset bør ikkje vere flatt, og heller ikkje sterkt hallande. Halefestet må ikkje vere for lågt eller for høgt. Låret skal vere muskelfylldig sett frå sida og bakfrå.

4.3. Beinkvalitet og beinstilling

Fjordhesten skal ha ei rettstilt beinstilling for å gje gode føresetnader for ei god og haldbar beinhelse. Ei korrekt beinstilling vil gje gode føresetnader for eit korrekt rørslemønster som hindrar slitasje- og belastningsskadar. Kode-, hase- og kneledd skal vere godt markerte. Ved vurdering av beinkvalitet og beinstilling skal følgjande leggst til grunn:

Frambein: Ledd og sener skal vere tørre, og beinstillinga skal vere korrekt sett framanfrå, bakfrå og frå sida. Over- og underarmar skal vere tilstrekkeleg lange, med sterk og godt utvikla muskulatur. Framknea bør vere markerte og rette sett framanfrå. Pipa bør vere rein og tørr og stå korrekt midt under framkneet. Lengda på koden og kodevinkelen må vere slik at hesten fjørar godt i rørsle. Overbein kan vere eit symptom på uheldige anatomiske bygningstrekk. I slike tilfelle blir hesten trekt for overbeina saman med det uheldige bygningstrekket. Ein skal ikkje legge for stor vekt på overbein, spesielt dersom dei er små.

Bakbein: Ledd og sener skal vere tørre, og beinstillinga skal vere korrekt sett framanfrå, bakfrå og frå sida. Lår og underlår skal vere tilstrekkeleg lange, med sterk og godt utvikla muskulatur. Hasen bør vere sterkbygd og markert. Verken rette eller for krumme hasar er ønskeleg. Lengda på koden og kodevinkelen må vere slik at hesten fjørar godt i rørsle.

Høver: Høvene skal ha god hornkvalitet, og dei bør vere romslege med passeleg skrå sideveggar. Solen skal ha stor bereflate og vere godt oppkvelvd, med ei brei og mjuk kråke. Det bør vere god breidd mellom drakthjørna, men høvene skal ikkje vere flå. Underskutte drakter er ikkje ønskjeleg.

4.4. Rørsler

Rørslene og gangartane må vere ledige og naturlege med god balanse mellom undergripen og skyv. Rørslene skal vere gjennomgripande, det vil seie at dei fleste ledd, i tillegg til overlinja, er aktive i prosessen. Dei skal dessutan vere energiske, med god balanse og takt. Det er ønskjeleg at hesten har god bogfridom og god haseaksjon.

4.5. Helse og haldbarheit

Fjordhesten skal ha ei god helse gjennom eit godt eksteriør og vere fri for genetiske lidingar og sjukdommar. Avvik på eksteriør som vert vurdert å ha spesiell innverknad på fjordhesten si helse vert spesielt overvaka. Omfanget vert dokumentert ved lineær registrering i dommarprotokollar og vert handtert etter tilråding frå veterinærar. Helse vert dømt under veterinærundersøking i samråd med kåringsnemnda når det gjeld hingstar. I klasser der det ikkje er veterinærundersøking vert hesten si helse, i tillegg til trekk ved eksteriøret som påverkar helse og haldbarheit, vurdert av eksteriørdommarane. Sjå vedlegg 2, Diskvalifiserande eigenskapar og vedlegg 4, Helseundersøking av hingstar.

4.6. Åtferd

Åtferd er ei vurdering av hesten si framferd på utstillinga. Fjordhesten skal vere påliteleg, samarbeids- og arbeidsvillig samtidig som han er avbalansert og roleg. Han skal vere lett å handtere og passe til familiebruk. Vurdering av åtferd i samband med avlsvurdering av hingstar er skildra i vedlegg 5, Kåringsinstruks for fjordhest.

4.7. Farge, urteikn og avteikn

Dei fem godkjende fargane er brunblakk, ulsblakk, grå, raudblakk og gulblakk. Blåaugd kvit er ikkje godkjent farge, sjå vedlegg 2 Diskvalifiserande eigenskapar. Innan dei ulike fargane er det ulike nyansar. Det er viktig å ta vare på dei primitive urteikna. Kvite avteikn er ikkje godkjent, med unntak av at ei stjerne med storleik inntil 5,0 cm målt på største diameter skal godtakast på hopper og vallakar. Høver med lyse spaltar eller sjatteringar, og lyse bein som gradvis fører over til karakteristisk farge på raudblakke eller gulblakke hestar er ikkje å rekne som avteikn, men som ein del av særtrekket ved desse fargane. Sjå vedlegg 2, Diskvalifiserande eigenskapar for

utfyllande liste over diskvalifiserande avteikn. Når ein hest med avteikn møter til offisiell utstilling for første gong og får avteiknet vurdert til å vere innanfor reglementet, er dette gjeldande i utstillingssamanheng vidare.

5. Avlsmål og seleksjon

Avlsmålet er gjennom reinrasa avl å ta vare på særpreget og mangfaldet til fjordhesten og dei allsidige eigenskapane til rasen, og å avle fram ein sunn og funksjonsdyktig hest. Dei opphavlege og godkjende fargane til rasen og dei primitive urteikna, avhengig av nyansane i kropps-fargen, skal bevarast. Avlsarbeidet har sterkt fokus på at det skal avlast fram ein fjordhest som er attraktiv for framtidige brukarar, noko som òg må vere basis for vektlegging av eksteriør, rørsler og bruksegenskapar.

Avlsmålet skal nåast gjennom vurdering av eksteriøre eigenskapar, bruksegenskapar, helse og åtferd. Individet si premie- og kåringsgrad vert bestemt av ein vekta heilskapskarakter for eksteriør, gitt at dei andre vurderingskriteria er godkjende. Sjå vedlegg 3, Indeksar, premiering og rangering.

5.1. Eksteriør

Eksteriøret skal vurderast og registrerast på utstilling. Ei oversikt over eigenskapar som registrerast er gitt i vedlegg 5 Kåringsinstruks for fjordhest. Galopp vert berre dømt på hingstar, medan trav vert dømt berre i eksteriørringen for hopper og vallakar, men også under lausmønstring for hingstar. Alle eigenskapar som vert bedømt på utstilling vert registrert og lagra. Eksteriøre trekk skal i tillegg registrerast lineært kvar gong eit individ møter på offisiell utstilling. Eksteriøreigenskapar som inngår i vekta heilskapskarakter for eksteriør er vist i tabell 1 med den respektive eigenskapen si vektlegging, gitt i prosent.

Tabell 1 Vektlegging av eksteriøreigenskapar

Eigenskap	Vekting, galopp ikkje vist	Vekting, galopp vist
Rasetype og preg	40 %	40 %
Kroppsbygnad og muskulatur	20 %	20 %
Frambein	10 %	10 %
Bakbein	10 %	10 %
Skritt ³	10 %	20 %*1/3
Trav ³	10 %	20 %*1/3
Galopp ³	-	20 %*1/3

5.2. Bruksegenskapar

Bruksegenskapane, inkludert åtferd under bruk, som vert vektlagde i avlsarbeidet er allsidigheit, samarbeidsvilje, køyreeigenskapar, rideeigenskapar og rørsler. Sjå elles bruksprøvereglement for utstillingar⁴ og vedlegg 6, Bruksprøver for fjordhest, for nærare omtale av gjeldande bruksprøver for hopper og hingstar. Bruksprøver vert karakterset og dømmast som bestått eller ikkje bestått i samsvar med gjeldande bruksprøvereglement⁴.

³ Dersom galopp er bedømt vil rørslene vektast totalt 20%, med lik vekt for gangartane skritt, trav og galopp, sjå Vedlegg 3 - Indeksar, premiering og rangering

⁴ <https://www.nhest.no/reglement.612540.no.html>

5.3. Helse

Hingstar som vert framstilt for kåring skal gjennomgå ei veterinærundersøking. Sjå vedlegg 4, Helseundersøking av hingstar, for detaljert skildring av helseundersøkinga, og vedlegg 2, Diskvalifiserande eigenskapar, for skildring av eigenskapar. Helse dømmast som bestått eller ikkje bestått.

Det er inga særskilt helseundersøking for hopper, vallakar og unghestar ut over det som er gitt i gjeldande utstillingsreglement⁵.

5.3.1. Uønskte arvelege sjukdommar hjå avlsdyr

Av dyrevelferds- og omdømmemessige grunnar skal det ikkje avlast på hestar med arvelege lidningar som t.d. sommareksem eller andre allergiar. Kvar og ein har ansvar for å ikkje bruke hestar med arvelege lidningar i avlsarbeidet, jmf. Lov om dyrevelferd §25².

5.4. Åtferd

Hestar som viser farleg åtferd, og/eller åtferd som kan skape farlege situasjonar skal visast vekk frå utstillingsplassen. Avviste hingstar kan ikkje oppnå kåring eller premiering ved gjeldande utstilling. Regelen gjeld alle aspekt av utstillinga, men åtferd skal spesielt vektleggast ved veterinærundersøking og bruksprøve(r). Åtferd dømmast som bestått eller ikkje bestått. Sjå også vedlegg 5, Kåringsinstruks for fjordhest.

6. Utval av hingstar

Utval av hingstar til avl vert bygd på individdømming (kåring). Individdømming skal gje grunnlag for å velje ut avlsdyr med best moglege eigenskapar i tråd med avlsmålet, og samstundes gjere det mogleg å påvise defektar på dyret som diskvalifiserer for bruk i avlen. Det kan avvikast frå ordinære krav til avlsgodkjenning, sjå 8.1 Vektlegging av stamme i kåringsavgjerder.

6.1. Utstillingsrett

Ein hingst har rett til å bli utstilt og kan kårast/premierast dersom han er registrert i A-registeret i stamboka for fjordhest. Utanlandske hingstar som blir viste for kåring må fylle dei krava til avstamming som gjeld for norskfødde hingstar, og dei må gjennomføre dei same prøvene som dei norskfødde individa når det gjeld vurdering av eksteriør og brukseigenskapar.

6.2. Kåring/premiering

Kåring/premiering vert gjennomført av ei oppnemnd kåringsnemnd på ei offentlig kunngjort utstilling. Kåring/premiering blir utført i samsvar med gjeldande avlsplan. Sjå vedlegg 3, Indeksar, premiering og rangering, vedlegg 4, Helseundersøking av hingstar, vedlegg 6, Kåringsinstruks for fjordhest og vedlegg 6, Bruksprøver for fjordhest. Det er eigar sjølv som har ansvar for å melde hingsten på utstilling og følgje avlsgodkjenningsforløpet.

⁵ <https://www.nhest.no/reglement.612540.no.html>

² <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-97>

6.4. Forløp avlsgodkjenning

6.4.1. Første gongs individdømming

Første gong ein hingst kan møte til kåring er om våren som 3-åring. Ved kåring vert det utført ei individdømming. Eigenskapane som er definerte i avlsmålet vert vurdert, hingsten viser køyreprøve og vert vist laus i ridehall. Første gong ein hingst møter til kåring kan han oppnå kåringsgrad og rangerast etter kvalitet. Kåringsgrad gir avlsgodkjenning i to år og hingsten vert tildelt ei hoppekvote for dei to åra, i tillegg til rett til å møte til utvida bruksprøve. Eldre ukåra hingstar skal følgje same prosess for testing av brukseigenskapar som treåringar.

6.4.2. Andre gongs individdømming av kåra hingst

Ein kåra hingst skal møte til ny individdømming og utvida bruksprøve for å behalde avlsgodkjenninga. Hingsten kan møte til utvida bruksprøve tidlegast året etter kåring og det er ingen siste frist for å gjennomføre utvida bruksprøve. Dersom hingsten ikkje har møtt til utvida bruksprøve før avlsgodkjenninga på to år går ut, kan han ikkje verke i avlen før utvida bruksprøve og andre gongs individdømming er gjennomført. Hingsten vert vurdert etter gjeldande avlsplan og kan oppnå 1., 2. eller 3. premie, og han kan i tillegg stillast i kvalitet. Hingstar som ikkje tilfredsstiller gjeldande krav til eksteriør, helse, åtferd eller brukseigenskapar, misser kåringsgraden og vil ikkje premierast.

6.4.3. Tredje gongs individdømming av premiært hingst

Alle premierte hingstar skal meldast inn til ny vurdering av eigar når dei er 8 år. Alle premierte hingstar som vert meldt til utstilling når dei er 8 år eller eldre vil få ei avkomsvurdering, sjå vedlegg 8, Avkomsvurdering. Hingstar som møter til tredje gongs individdømming kan ikkje misse eller settast ned i premiegrad på bakgrunn av vekta heilskapskarakter, men kan rangerast bak hingstar med lågare premiegrad i kvalitetsrangeringa for den gjeldande utstillinga. Veterinære funn skal påførast dommarkortet. Om hingsten har diskvalifiserande eigenskapar (sjå vedlegg 2, Diskvalifiserande eigenskapar) eller graverande helsefunn, blir han fråteken avlsgodkjenninga, men misser ikkje premiegraden. Hingstar som utan gyldig årsak ikkje møter til ny dømming misser automatisk avlsgodkjenninga. Søknad om utsetjing av tredje gongs individdømming må sendast til NFL før inneverande års hingsteutstilling har starta, og hingsten kan ikkje nyttast i avl før tredje gongs individdømming er gjennomført.

6.5. Fruktbarheit

Ved mistanke om at ein avlsgodkjent hingst har låg fruktbarheit kan NFL i samråd med veterinær som ein del av ei heilskapsvurdering krevje at det på eigars rekning vert avlagt sædprøve. Denne vert vurdert av veterinær med kompetanse på reproduksjon. Låg fruktbarheit kan føre til at hingsten mister avlsgodkjenninga (men ikkje premiegraden) og han får då ikkje fornøya denne før fruktbarheita er vurdert tilfredsstillande.

7. Utval av hopper

Det vert ikkje kravd godkjenning av hopper for bruk i avl, men det vert tilrådd å vise hoppa på utstilling for individbedømming og vurdering av brukseigenskapar. Hoppeutstillingar med bruksprøver er difor eit viktig tiltak for utvalet av avlsdyr. For dømming vert det vist til gjeldande regler for offisielle hesteutstillingar⁷, bruksprøvereglementet og vedlegg 3, Indeksar, premiering og rangering.

⁷ <https://www.nhest.no/reglement.612540.no.html>

7.1. Fruktbarheit hopper

NFL tilrår hoppeeigarar å følge opp hoppene med veterinærundersøkingar før bedekningssesongen. Dette gjeld spesielt dersom hoppa har vore bedekt tidlegare utan at det har resultert i levande føl, eller om det er lenge sidan sist ho fekk føl.

8. Bevaring av genetisk variasjon

For å overvake utviklinga av innavlsgraden i rasen skal det kvart år publiserast statistikk med oppdatert innavlsutvikling. NFL kan i samråd med relevante fagmiljø setje inn tiltak som dei til ei kvar tid ser som naudsynt for å avgrense innavlsauke. Tiltak kan ikkje setjast i verk utan vedtak frå styret i NFL. Sjå utdjupande om strategi for bevaring av genetisk variasjon i vedlegg 9, Kontroll med innavlsutvikling fjordhest.

8.1. Vektlegging av stamme i kåringsavgjerder

Hingstar, som etter ei fagleg vurdering har ein fordelaktig stamme i forhold til resten av populasjonen, kan kårast/premierast med bakgrunn i dette. Dei generelle krav i vedlegg 3 for å oppnå avlsgodkjenning kan avvike for slike hingstar dersom dei har godkjent åtferd, bruksegenskapar og helse. Det skal tydeleg komme fram i dommarprotokollen at avstamming er vektlagt ved kåringa. Kriteria som vert lagt til grunn for vurdering av stamme finns i vedlegg 5, Kåringsinstruks for fjordhest.

8.2. Hoppekvoter

Alle premierte hingstar får tildelt ei livstidskvote på 70 bedekningar. Ved første gongs kåring vert hingsten tildelt halve livstidskvota (35 bedekningar). NFL kan innvilge tilleggskvote etter søknad ved spesielle høve (t.d. dokumentert sjukdom i bedekningssesongen med påfølgande låg følprosent). Individuelle hoppekvoter kan takast i bruk i den grad det er naudsynt for å avgrense innavlsauken i populasjonen. Individuelle hoppekvoter skal være fastsett innan 1. mars gjeldande år.

8.3. Andre tiltak

Styret i NFL skal i størst mogleg grad arbeide aktivt for bevaring av genetisk variasjon i rasen, inkludert, men ikkje avgrensa til punkta nemnt over og under:

- Nedfrysing av genmateriale som sæd.
- Uttak og sending av sæd for å stimulere til bedekning der det er lange avstandar til hingst.
- Stimulere til at flest mogleg hingstar brukast i avl og at desse får et jamt bidrag.

9. Reproduksjonsformer

Følgande reproduksjonsformer er tillat for fjordhest:

- Naturleg bedekning
- Semin (fersk, kjølt og frosen sæd).

9.2. Bruk av sæd frå død eller kastrert hingst

Sæd frå død avlsgodkjent hingst eller kastrert hingst som var avlsgodkjent på kastreringstidspunktet kan brukast etter at hingsten er død/kastrert dersom bruken blir funnen føremålstenleg for å avgrense innavlsauke. Bruk av sæd frå død/kastrert hingst må godkjennast av styret i NFL.

9.3. Hingstar kåra og stasjonert i utlandet

Hopper kan bedekkast i utlandet eller inseminerast med importert semin. Hingsten må oppfylle krava for avstamming som gjeld for norskfødde hestar, og være avlsgodkjend i landet der bedekninga/sædproduksjonen skjer for at avkommet skal kunne registrerast i A-registeret. Dette gjeld ikkje dersom hingsten har 0. premie frå hingsteutstilling i Norge, norskfødde avkom av desse vilførast i B-registeret. Dersom hingsten har eller har hatt avlsgodkjenning i Noreg, gjeld framleis tildelt kvote for norskregistrerte føl sjølv om hingsten er eksportert. I tillegg gjeld generelle importreglar for import av genetisk materiale⁸.

10. Oppfølging av avlsplanen

10.1. Revisjon av avlsplan

Avlsplanen for fjordhest skal reviderast kvart fjerde år. I spesielle tilfelle kan enkeltstående endringar gjerast utanom ordinær revidering. Alle endringar i avlsplanen skal kunngjerast av NFL.

10.2. Endringsframlegg avlsplan

Norges Fjordhestlag sender eventuelle endringsframlegg til Mattilsynet innan 1. oktober året før endringane er tenkt sette i verk.

11. Informasjon om tredjepart

Norsk Hestesenter, Starumsvegen 71, 2850 Lena utfører følgjande tekniske oppgåver knytt til avlsprogrammet:

- Registrering og stambokføring
- Utstilling og lagring av individdata
- Utdanning av dommarar

Eigenskapar som er registrert på offisielle utstillingar vert registrert i NHS sin database kopla til individ gjennom ei unik databasekode. Berekning av innavl og genetiske parameter vert gjort gjennom bruk av føremålstenleg programvare for dette.

⁸ https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2022-04-06-630/**

Vedlegg

- Vedlegg 1: Inndeling av stambok for fjordhest
- Vedlegg 2: Diskvalifiserande eigenskapar
- Vedlegg 3: Indekser, premiering og rangering
- Vedlegg 4: Helseundersøking av hingstar
- Vedlegg 5: Kåringsinstruks for fjordhest
- Vedlegg 6: Bruksprøver for fjordhest
- Vedlegg 7: Reglar for avlsgodkjent hingst
- Vedlegg 8: Avkomsvurdering
- Vedlegg 9: Kontroll med innavlsutvikling fjordhest

Vedlegg 1 Inndeling av stambok for fjordhest

Norsk registerstambok for fjordhest

Norsk registerstambok for fjordhest baserer seg på reinrasa avl. Registerstamboka er differensiert, og fødte føl vert ført i A-, B- eller C-registeret avhengig av foreldra sin status. Registreringsreglane styrer kva register det enkelte individ kjem i. Hestar i A- registeret får raude pass, hestar i B- og C-registeret får blå pass. Frå og med 2015 er det ikkje ulovleg å bruke ukåra hingstar i avlen, men avkom etter kåra og ukåra hingstar kjem i ulike register.

Definisjonar i registerstamboka

- *A-register:* Kåra/premiert far. Mor i A-register eller i B-register med fire generasjonar dokumentert og godkjent avstamming. Avkom under hopper som er i B-registeret fordi det ikkje finnast DNA på mora deira (sjå under) kjem i A-registeret. Individ i A-registeret har full utstillingsrett.
- *B-register:* B-registeret er for hestar som av ulike grunnar ikkje er kvalifiserte for A-registeret. Etterkomarar etter hopper kan opparbeide godkjend stamtavle og dermed kome i A-registeret. Individ i B-registeret får ikkje utstillingsrett.
Døme:
 - Kåra far. Ikkje fullregistrert mor. (Dokumentert morlinje, men mor har for få godkjende generasjonar i stamtavla.)
 - Individ med godkjent avstamming, men der DNA-profil frå mor ikkje kan skaffast. Dette gjer fullstendig avstammingskontroll umogeleg.
 - Reinrasa hest, men med ukåra far.
 - Kåra far. Typegodkjend mor.
- *C-register:* C-registeret er for hestar som av ulike grunnar ikkje er kvalifiserte for A- eller B- registeret. Individ i C-registeret har ikkje utstillingsrett.
Døme:
 - Ukåra far. Ikkje fullregistrert mor.
 - Fjordhestar som har vorte til ved embryooverføring.
- Importerte hestar som er registrert i tilsvarande norsk A-register i sitt heimland, plasserast i A-registeret dersom dei har minst fire generasjonar dokumentert og godkjent avstamming. Importerte hestar som ikkje oppfyller desse krava plasserast i B-registeret.

Typegodkjenning av hopper

Typegodkjenning av hopper kan skje etter gitte kriterium fastsett av

NFL. For at ei hoppe skal kunne møte til typegodkjenning må eitt av følgjande punkt vere oppfylt:

- DNA-kontroll mot oppgeve kåra/premiert far som ikkje kan utelukke han og opplysningar om mor som verkar sannsynleg samanlikna med informasjon som finnast i rasen sitt arkiv. Far vil då bli oppgjeven i stamtavla.
- DNA-kontroll mot oppgeve registrert mor som ikkje kan utelukke ho og opplysningar om far som verkar sannsynleg samanlikna med informasjon som finnast i rasen sitt arkiv.

Dersom ingen av foreldra er DNA-typa må opplysningar om mor si avstamming verke sannsynleg med informasjon i raset sitt arkiv.

Vedlegg 2 Diskvalifiserande eigenskapar

Eigenskapar lista i dette vedlegget er diskvalifiserande og medfører at hingstar, hopper og vallakar ikkje kan kårast eller premierast på utstilling. Merk at manglande moglegheit til premiering for hopper ikkje påverkar om desse kan nyttast i avl.

Fargar og avteikn

Dersom avteikn på en hest vert godkjent på ei offisiell utstilling, kan det same avteiknet ikkje seinare vere diskvalifiserande. Diskvalifiserande farge eller avteikn vil gje underkjent karakter på rasetype og -preg.

- Blåaugd kvite hestar
- Kvite og kjøtfarga avteikn på hovudet. Unntaket er ei stjerne med storleik under 5,0 cm målt på største diameter på hopper og vallakar.
- Glasauge
- Medfødde kvite avteikn på kroppen.
- Kvite avteikn på bein. Lyse bein som gradvis fører over til karakteristisk farge på raudblakke eller gulblakke hestar er ikkje å rekne som avteikn
- Heilt kvite høver

Helse og haldbarheit

Diskvalifiserande helseeigenskapar vil gje underkjent helse.

- Testiklar og fruktbarheit
 - Kryptorkisme, ein tilstand der ein (klapphingst) eller begge (urhingst) testiklane ikkje har kome ned i pungen.
 - Store ulikskapar i testikkelstorleik og -konsistens.
 - Pungbrokk, ein tilstand der tynntarm kjem ned i pungen via lyskekanalen (som regel einsidig), vert ikkje godteke på hingstar 10 år eller yngre. Eigargar av kåra hingstar pliktar å varsle Norges Fjordhestlag dersom hingsten får pungbrokk. Dette må gjerast klart for hingsteeigarane ved tildeling av kåringsbrev.
- Lidingar i rørsleapparatet
 - Patellalåsing eller patella ut av stilling er diskvalifiserande. Lettare haking, også kalla *catching*, kan føre til diskvalifisering. Alvorlegheitsgrad ved funn vil vere avgjerande for om kåring/premiering vert tildelt.
 - Avvikande beinstilling (t.d. sabelbeinte frambein, flate framkne) og overbein skal skildrast, men alvorlegheitsgrada er avgjerande for om kåring/premiering vert tildelt.
- Andre diskvalifiserande eigenskapar
 - Sommareksem⁹
- Bittfeil
 - Over- eller underbitt der framtenner i over- og underkjeve eller jekslane ikkje slitast mot kvarandre og dette ikkje har årsak i skade er diskvalifiserande. Ved mistanke om alvorlege bittfeil skal det gjerast ei utvida munnholeundersøking som inkluderer undersøking av bittfeil på jekslar og tyggeflater.

⁹ Sommareksem er vanskeleg å påvise på utstillingsplassen, men det skal av dyrevelferds- og omdømmemessige grunnar ikkje avlast på hestar med sommareksem. Eigar/utstillar har derfor eit ansvar for å opplyse om dette ved utstilling, samt å ikkje nytte individ med sommareksem i avl.

Vedlegg 3 Indeksar, premiering og rangering

For alle klasser gjeld følgende formel for utrekning av vekta heilskapskarakter for eksteriør. Det skal brukast to desimalar.

Når galopp ikkje er vist:

$$\frac{(\text{Type} \times 40 + \text{kropp} \times 20 + \text{frambein} \times 10 + \text{bakbein} \times 10 + \text{skritt} \times 10 + \text{trav} \times 10)}{100}$$

Når galopp er vist:

$$\frac{(\text{Type} \times 40 + \text{kropp} \times 20 + \text{frambein} \times 10 + \text{bakbein} \times 10 + (\text{skritt} \times (20 \times \frac{1}{3}) + \text{trav} \times (20 \times \frac{1}{3}) + \text{galopp} \times (20 \times \frac{1}{3})))}{100}$$

Kåring, premiering og sløyfe:

Følgande gjeld for vaksne hopper, hingstar og vallakar på offisielle utstillingar:

- Kåring/premiegrad vert tildelt på bakgrunn av vekta heilskapskarakter for eksteriør, samt bestått åtferd, helse og bruksprøve for gjeldande klasse. For hingstar gjeld i tillegg krav om godkjent helseundersøking.
- Tidlegare utstilte hopper og vallakar kan ikkje miste tidlegare oppnådd premiegrad, men skal rangerast etter heilskapskarakter for eksteriør på gjeldande utstilling.
- Hingstar til tredje gongs individdømming kan ikkje miste tidlegare tildelt premiegrad eller tildelast lågare premiegrad enn tidlegare oppnådd, men skal rangerast etter heilskapskarakter for eksteriør på gjeldande utstilling.
- Hopper og vallakar som ikkje viser eller får underkjent køyreprøve vert tildelt sløyfe på lik linje med unghestar på bakgrunn av vekta heilskapskarakter for eksteriør, samt bestått åtferd.

Følgande gjeld for premiering av unghestar på offisielle utstillingar:

- Unghestar får sløyfe på bakgrunn av vekta heilskapskarakter for eksteriør.
- To- og treårshopper kan oppnå ekstrasløyfe. Tildeling av ekstrasløyfe følger kriteria for 2. premie.

Tabell 2 gir oversikt over minimumsgrenser for tildeling av sløyfe, kårings- og premiegrad forutsett at åtferd og eventuell bruksprøve og helseundersøking er bestått. Merk at i tillegg gjeld følgende:

Unghest:	Ingen delkarakter som inngår i vekta heilskapskarakter skal være under 5,00.
Hopper og vallakar:	Ingen delkarakter som inngår i vekta heilskapskarakter skal være under 6,00
Hingstar, førstegangsvisning:	Ingen delkarakter som inngår i vekta heilskapskarakter skal være under 6,00
Hingstar, seinare visning:	Ingen delkarakter som inngår i vekta heilskapskarakter skal være under 6,50

Tabell 2 Minimumsgrenser for vekta heilskapskarakter for eksteriør ved kåring og premiering på utstilling. Lågaste godkjente karakter på rasetype og preg i parentes.

Klasse	Sløyfe	Kåringsgrad	3. premie	2. premie	1. premie
Unghest	6,50 (7,00)	-	-	-	-
Hopper og vallakar	7,00 (7,00)	-	7,00 (7,00)	8,00 (8,00)	8,80 (9,00)
Hingstar	-	7,30 (7,00)	7,50 (7,50)	8,00 (8,00)	8,80 (9,00)
Kåring med vekt på stamme	-	7,00 (7,00)	7,20 (7,00)	-	-

Rangering

- Hopper, vallakar og hingstar 3 år og eldre som oppnår 8,00 eller høgare og unghestar som oppnår 7,80 eller høgare i vekta heilskapskarakter skal stillast i kvalitet og rangerast etter oppnådd vekta heilskapskarakter. Unntak: Individ som har delkarakterar som inngår i vekta heilskapskarakter under 6,5 skal ikkje stillast i kvalitet, sjølv om vekta heilskapskarakter er over kravet.
- Ved lik vekta heilskapskarakter skal individa skiljast av dommarane basert på skjønn.

Vedlegg 4 Helseundersøking av hingstar

Helseundersøkinga av hingstar vert gjennomført som ei klinisk helseundersøking. Veterinær skal i tillegg utføre signalementskontroll mot hestepass, inkludert kontroll av mikrochip. Lidingar som diskvalifiserer frå kåring og premiering er gitt i vedlegg 2, Diskvalifiserande eigenskapar.

Dersom veterinær eller dommarar krev forhold nærare undersøkt, kan tilleggsundersøkingar gjennomførast før ei eventuell avlsgodkjenning vert gitt. Uavhengig av utfall skal resultat av tilleggsundersøkingar arkivførast, samt påførast hingsten sitt dommarkort.

Klinisk helseundersøking

Hingsten skal gjennomgå veterinærundersøking i løpet av utstillinga. For hingstar til utvida bruksprøve skal veterinærundersøkinga gjennomførast før bruksprøva tek til. Følgjande prosedyrar skal utførast ved gransking av fjordhingstar:

- Sirkulasjons- og respirasjonsundersøking
- Kontroll av bitt
- Undersøking av kjønnsorgan
- Ortopedisk undersøking, inkludert mønstring i skritt og trav. Bøyeprøver skal berre utførast ved funn på palpering.
- Særskild undersøking av låsing i kneskåla ved andre gongs individdømming. Hesten må då leiast begge vegar i ring i skritt, ryggast og leiast sakte unnabakke minimum fire gongar (der veterinæren ser hesten to gongar frå kvar side).
- Veterinæren skal i tillegg vurdere hingsten si åtferd.

Vedlegg 5 Kåringsinstruks for fjordhest

Resultata frå bedømminga av eksteriør, helse, brukseigenskapar og åtferd skal vurderast i samsvar med vektlegging av dei ulike eigenskapane og gje grunnlag for kåringsavgjersla. Hingstar med defektar vert vurdert i samsvar med vedlegg 2, Diskvalifiserande eigenskapar. Krava til eigenskapane i avlsmålet må tilfredsstillast kvar for seg.

Eksteriør

Dei enkelte delkarakterane vert vekta inn i en vekta heilskapskarakter for eksteriør som skildra i vedlegg 3, Indeksar, premiering og rangering. Følgjande gjeld for karaktersetting av eigenskapar som vert observert under ulike moment, der eigenskapar som inngår i vekta heilskapskarakter for eksteriør er utheva:

- **Rasetype og -preg** vert vurdert i eksteriørringen.
- **Kropp og muskulatur** vert vurdert i eksteriørringen.
- **Frambeinskarakter** vert sett basert på mønstring på hardt underlag og i eksteriørringen.
- **Bakbeinskarakter** vert sett basert på mønstring på hardt underlag og i eksteriørringen.
- Karakter for høver skal ikkje settast, men det skal skildrast i tekst både ved funn av avvik og ved svært gode høver
- Rørslene si korrektheit vert dømt som ein del av rørslekarakteren under mønstring på hardt underlag og i eksteriørringen.
- **Skrittkarakter** vert vurdert i eksteriørringen
- **Travkarakter** vert sett separat under lausmønstring og i eksteriørringen, og høgaste karakter av desse vert sett som endeleg delkarakter for trav.
- **Galoppkarakter** vert sett under lausmønstring.

Bruksprøver

Bruksprøver karaktersettast, og avvik vert skildra i samsvar med gjeldande bruksprøvereglement. Bruksprøvene skal karaktersettast, men vurderast som bestått eller ikkje bestått i kåringsavgjersla. Bruksprøva må være bestått for at hingsten skal kunne oppnå kårings- eller premiegrad.

Åtferd

Hingstar som viser farleg åtferd og/eller åtferd som kan skape farlege situasjonar under utstillinga skal avvisast og åtferdsavvik skildrast i dommarkort (sjå forretningsorden for hingsteutstilling under). Uønskt åtferd under veterinærundersøking eller bruksprøver skal tilleggast særleg vekt. Åtferd vurderast som bestått eller ikkje bestått i kåringsavgjersla.

Hingstar til førstegangskåring som vert avvist frå hingsteutstilling grunna åtferd misser ikkje utstillingsretten. Hingstar som vert avvist på grunn av åtferd for andre gang har ikkje seinare utstillingsrett som hingst.

Helse

Helse vert dømt under veterinærgransking når det gjeld hingstar. Sjå punkt 4.5 Helse og vedlegg 2, Diskvalifiserande eigenskapar. Helse vurderast som bestått eller ikkje bestått i kåringsavgjersla.

Avteikn

Hingstar med farge eller avteikn som ikkje er godkjent skal avvisast, sjå vedlegg 2 Diskvalifiserande eigenskapar.

Stamme og farge

Norskfødde hingstar kan avlsgodkjennast basert på stamme eller farge sjølv om dei ikkje tilfredsstiller gjeldande minimumskrav for kåring. I særskilte tilfelle kan importerte hingstar vurderast etter same kriterium som norskfødde hingstar. Hingsten sin stamme og farge skal berre vektast i positiv retning. Inntil 0,30 poeng avvik i vekta heilskapskarakter kan godtakast dersom bruksprøve, helse og åtferd er godkjent, sjå vedlegg 3, Indeksar, premiering og rangering.

Vurdering av å godkjenne ein hingst basert på stamme eller farge skal alltid gjerast etter at alle andre moment er bedømt og skildra, og karakterar sett. Representantar frå NFL skal, viss det er aktuelt å ta med ein hingst basert på stamme eller farge, informere kåringsnemnda om kva for hingstar dette gjeld.

Meldte hingstar sin stamme vert vurdert på fagleg grunnlag av NFL i samråd med relevant kompetanse når fristen for å melde til hingsteutstilling er utgått. Punkta under er eksempel på kriterium som kan leggjast til grunn for avlsgodkjenning basert på stamme, men er ikkje avgrensa til desse:

- Hingsten høyrer til ei lite representert hingstelinje
- Hingsten har ein far som er lite brukt og ikkje har kåra søner etter seg
- Hingsten høyrer til ei morslinje der det ikkje har kome avlshingstar i nyare tid, eller som generelt er lite representert
- Hingsten har eit slektskap til resten av populasjon som er lågare enn snittet
- Hingsten har lågt slektskap til andre avlsgodkjente hingstar
- Hingsten har ein lite representert farge, eller er berar av gener for dette

Forretningsorden ved hingsteutstilling på Nordfjordeid

Øvste ansvarlege instans

NHS har ansvar for kåring av hingstar av nasjonal rase jmf. tildelingsbrev frå Landbruks- og matdepartementet (LMD). NHS og styret i NFL er ansvarlege for at denne skjer i samsvar med gjeldande avlsplan.

Styret og avlsutvalet i NFL skal til ei kvar tid vere representert på hingsteutstillinga med minst to gilde representantar. Minst ein av representantane skal vere frå avlsutvalet. Dersom alle ordinære medlemmer av avlsutvalet er ugilde (utstillar, eigar eller oppdrettar av hingst som stillast for avlsgodkjenning, eller i nært familieforhold med eigar eller oppdrettar av hingst) skal begge representantane kome frå styret. Representantane kan ikkje ta egne avgjersler, men skal underrette styret som kan foreta vedtak i saker som angår hingsteutstillinga eller avlsplanen. Dersom fjordhest vert vist på hingsteutstilling andre stadar i landet enn på Nordfjordeid og ein kjem i situasjon der ein treng å konferere med NFL, skal styreleiar, sekundært leiar i avlsutvalet, kontaktast.

Dersom det vert oppdaga mangelfull eller feil ordlyd i avlsplanen og/eller vedlegg, skal dette arkivførast og eventuelt takast inn i avlsplan og/eller vedlegg ved første moglege revidering.

Styrar for hingsteutstillinga har ansvar for at utstillingsreglementet følgast og at dyrevelferda er oppretthalde. Funksjonærar har meldeplikt til styrar dersom dei observerer forhold som ikkje er i tråd med dette.

Åtferd på utstilling

Dersom dommarar eller veterinærar observerer uønskt åtferd frå ein hingst under eksteriørbedømming, bruksprøver, helseundersøking eller måling, har desse ansvar for å stoppe vurderinga av hingsten. Funksjonær har umiddelbar meldeplikt til dommar/veterinær/styrar som har mynde til å stoppe vurderinga av hingsten.

Dersom uønskt åtferd vert observert mellom bedømmingar, skal funksjonær som observerer dette be om at hingsten vert sett på stall fram til det er gjort ei vurdering av om hingsten skal kunne halde fram med si avlsvurdering. Dommarar, veterinærar eller andre funksjonærar skal så umiddelbart melde frå til styrar om uønskt åtferd. Styrar skal deretter så raskt som praktisk mogleg kalle inn representant frå NFL samt dommarar/funksjonærar som har meldt frå om hendinga for å avklare om hingsten skal få gjenoppta si bedømming eller avvisast frå hingsteutstillinga.

Dersom hingsten får forsøke å gjenoppta si bedømming skal representant frå NFL og styrar vere til stade for å vere med på å avgjere om hingsten skal avvisast eller få løyve til å halde fram. Det skal alltid være minst tre personar i gruppa som vurderer å avvise ein hingst (representant frå NFL, styrar og aktuell dommar/veterinær). Det er ikkje rett til å klage på ei avvising grunna uønskt åtferd, men utstillar har rett på møte med gjeldande dommar(ar) samt NFL sin representant så raskt som mogleg etter avvising for ei orientering. Grunngeving for avvising skal giast utstillar skriftleg og munnleg.

Møte mellom veterinær, bruksprøvedommarar og eksteriørdommarar etter bedømming

Veterinær, bruksprøvedommarar og eksteriørdommarar skal holde eit møte etter at alle hingstar har gjennomgått helseundersøking, bruksprøver og eksteriørvurdering. Føremålet er ikkje ein detaljert gjennomgang av alle prøver, men å gje veterinærar, bruksprøvedommarar og eksteriørdommarar høve til å diskutere hingstar som av ulike grunnar har avvik i sine prøver/undersøkingar. Det skal ikkje gjerast endringar på karakterar som er sett.

Hingsteutstilling

På hingsteutstillinga skal hingstane gjennomgå ei veterinærundersøking, visast lause for dømming i skritt, trav og galopp, vise bruksprøve og mønstrast for eksteriørdommarane. Hingstane er inne til bedømming for eksteriør både klassevis og enkeltvis. Når desse momenta er avslutta er hingsten ferdig bedømt.

Regelverk

Kåring av hingstar går føre seg etter den til kvar tid gjeldande avlsplan, samt reglement for utstillingar og bruksprøver. Kåringsnemnd og dommarar blir oppnemnde av NHS basert på retningslinjer frå NFL. NFL har eit stort ansvar når det gjeld vurdering av gildskap, og skal vere klageinstans ved eventuelle gildskapssaker. Her skal forvaltningslova ligge til grunn for vurderingane.

Utdanning av dommarar

Utdanning og autorisasjon av eksteriør- og bruksprøvedommarar skjer i regi av NHS, etter nærare fastsette utdanningsplanar.

Oppfølging av dommarar

Det skal haldast eigne samlingar for fjordhestdommarar kvart år, for at desse skal bli orienterte om faglege spørsmål og eventuelle endringar i avlsplan og reglement. NFL fastset, i samarbeid med andre raseorganisasjonar (eller ein organisasjon som representerer/har fullmakt frå slike), nærare reglar for dette.

Vedlegg 6 Bruksprøver for fjordhest

Vaksne hopper og vallakar

Første gong vaksne hopper og vallakar visast på utstilling skal dei gjennomføre ei køyreprøve i samsvar med det til ei kvar tid gjeldande bruksprøvereglement for offisielle hesteutstillingar¹⁰.

Bruksprøver for hingstar

Lausmønstring av hingst i ridehall

Lausmønstring i ridehall blir gjennomført ved individdømming av hingstar. Fri visning skal styrke dommarane sine vurderingar av hingstane sine rørsler. Hingstane skal visast i skritt av mønstrar på firkantsporet før dei forlet ridehuset.

Køyreprøve

Bruksprøva (køyreprøva) er obligatorisk første gong ein vaksen hingst møter til individdømming, eller ved seinare høve dersom ein ukåra hingst vert framstilt på nytt. Elles vert det vist til gjeldande bruksprøvereglement for hopper og hingstar¹⁵.

Utvida bruksprøve

For å oppnå vidare avlsgodkjenning og premiering må alle fyrstegongs kåra hingstar gjennomføre godkjend utvida bruksprøve. Formålet med utvida bruksprøve for fjordhest er å vurdere hingstane sine brukseigenskapar under relativt like forhold. Øvingane i bruksprøva er valt ut for å reflektere fjordhesten sin allsidigheit og bruksområde. Ein brukar framandryttar og framandkusk for å vurdere kor ridbare og køyrbare hingstane er. Helse og åtferd vil også bli vurdert.

Den utvida bruksprøva går over tre dagar i forkant av hingsteutstillinga. Hingstane vil ha ein veterinærsekk på dag ein, medan på dag to og tre vil det utførast rideprøve og køyreprøve. Ved premiering av den utvida bruksprøva rangerast hingstane mot sin årgang.

Importerte/innleigde hingstar frå utlandet som har oppnådd fyrstegongs kåring i Noreg kan melde til utvida bruksprøve på lik linje med norskregistrerte hingstar. Bruksprøver frå utlandet blir godkjende dersom dei er av same kvalitet og kan samanliknast direkte med dei norske prøvene.

Hingsteeigarane må sjølv dekke kostnader ved utvida bruksprøve. Hingstar kan meldast til utvida bruksprøve frå året etter fyrstegongs kåring.

Momenta som inngår i testinga er følgjande:

- køyring
- riding i ridehall og i terreng
- rørsler og framdrift
- observasjon av oppførsel på stall
- helsevurdering
- heilskapsvurdering

Hingsten skal undersøkjast av veterinær i starten av testperioden. Veterinæren gir kritikk og godkjenner/godkjenner ikkje helsestatus.

¹⁰ <https://www.nhest.no/bruksproever.490052.no.html>

Generelt om dei praktiske prøvene

Dei praktiske prøvene vil dømmast med talkarakterar (1-10), og ein skriftleg kommentar. Rideprøva og køyreprøva vil kvar vektleggast med 50 % i det samla resultatet.

Både rideprøva og køyreprøva skal utførast med både eigenryttar/-kusk og framandryttar/-kusk, der eigenryttar/-kusk viser hingsten først. Eigenryttar/-kusk kan vere eigar sjølv, eller den person eigar ønskjer skal utføre prøva. Eigenryttar og eigenkusk treng ikkje å være same person. Framandryttar og framandkusk vert oppnemnd av NHS i samråd med NFL.

Dersom eigar av hingst ikkje er nøgd med den første prøva som er avlagt, har ein rett til å gjennomføre prøva på nytt ettermiddagen den dagen prøva er avlagt. Ved ny prøve vil det ikkje nyttast framandryttar/-kusk, kun eigenryttar/-kusk. Det er den beste ride-/køyreprøven med eigenryttar/-kusk som er teljande. Ny, frivillig ride- eller køyreprøve forutset at dommarane finn dette forsvarleg av sikkerheitsmessige og dyrevelferdsmessige grunnar. Ved mistanke om halthet skal hingsten vurderast av gild veterinær før nytt forsøk vert gjennomført. Dersom dommarane må avvise ein hingst på andre forsøk på ride- eller køyreprøva, er den utvida bruksprøva som heilheit ikkje bestått.

Oppførsel på stall

Oppførsel på stall registrerast to gonger per dag (onsdag – fredag) med tanke på stereotypisk åtferd. Dette vil skje i samband med pausar/fôring. Då må alle hingstar opphalde seg i boksane sine. Stereotypisk åtferd er ikkje aleine diskvalifiserande for premiering, men observasjonane vil inngå i den totale vurderinga av om hingsten skal få godkjent åtferd.

Dag 1: Oppmøte og veterinærkontroll

Oppmøtedag og veterinærkontroll.

På ettermiddagen vil det vere informasjonsmøte for utstillarar.

Dag 2: Rideprøve

Hingstane vil visast ein og ein, normalt i katalogorden. Prøva vert avlagt inne i ridehuset, oppvarming skjer på anna område. Det vert sett av 20-30 minutt pr. hingst. Hingstane skal visast i det utstyr som er definert for rideprøve for fjordhest i det generelle bruksprøve reglementet.

Hingstane skal visast med kontakt til taumen i samsvar med alder og utdanning. Dommarane ser etter god arbeidsvilje, framdrift og samarbeidsvilje, ledigheit, rørsler og balanse.

Hingstane skal visast i skritt, trav og galopp. Alle gangartar skal visast på begge hender. Hingstane skal ikkje følgje eit bestemt ridemønster, men i løpet av vistingstida vise volter på ca. 20 meter i trav. Hingstane skal også vise haldt i minst 5 sekund.

Etter at testryttar har ridd blir prøva avslutta med at eigenryttar skritt ei løype utandørs i terrenget. Her vil dommarane dømme hingsten sine rørsler og balanse i terreng.

Rideprøva sine moment skal vektleggast slik:

Moment	Vektlegging	
Skritt	20 %	
Trav	20 %	
Galopp	20 %	
Ridemoment	10 %	Undermoment vert vektlagt likt
Arbeidsvilje/ridbarheit	30 %	Undermoment vert vektlagt likt

Dag 3: Køyreprøve

Hingstane skal visast ein og ein, normalt i katalogorden. Prøva startar i ridehuset etter oppvarming på tilvist område. Det vert sett av 20-30 minutt pr. hingst.

Køyreprøva kan utførast med arbeidssele eller maratonsele, og 2- eller 4-hjulsvogn som passar den valde selen. Arrangør stiller med vogner. Det er mogleg å bruke eiga vogn til køyreprøva. Hovudlag med skylappar er ikkje tillate. Hingstane kjem ferdig forspent. Før hingstane startar køyreprøva, skal ein kontrollør frå arrangør undersøke at seletøy og vogn er korrekt tilpassa hesten.

Inne i ridehuset skal hingstane visast i skritt og trav på begge hender, samt vise haldt i minst 10 sekund. Hingstane skal ikkje følgje eit bestemt køyremønster, men dei skal i løpet av visingstida vise volter på ca. 20 meter i trav. Prøva vert avslutta med bakkeprøve, 8-tallsvending og rygging ute.

Dommarane vurderer hingstens gangartar, samarbeidsvilje, framdrift og at hingsten er avspent og trygg i vogna.

Køyreprøva sine moment skal vektleggast slik:

Moment	Vektlegging	
Skritt	20 %	
Trav	20 %	
Køyremoment	20 %	Undermoment vert vektlagt likt
Arbeidsvilje/køyrbarheit	40 %	

Vedlegg 7 Reglar for avlsgodkjent hingst

Hingsteigar er forplikta til å følge den til ei kvar tid gjeldande avlsplan og pålegg frå avlsorganisasjonen som er heimla i denne, inkludert men ikkje avgrensa til punkta under.

Kvoter

Eigar av avlsgodkjent hingst forpliktar seg til å følge dei til ei kvar tid gjeldande hoppekvoter for fjordhest.

Rapporteringsplikt

Dersom det på en kåra eller premiært hingst oppstår diskvalifiserande lidingar som til dømes pungbrokk eller sommareksemlar skal dette umiddelbart innrapporterast til NHS og NFL. Premiært hingst mister avlsgodkjenninga, men ikkje premiegraden, dersom han får ei diskvalifiserande liding.

Dersom kåra hingst vert seld, eksportert, avliva eller kastrert, skal NHS og NFL ha melding om dette.

Hingstehaldar skal på førespurnad frå NHS, og/eller NFL bidra med utfyllande informasjon om bedekningssesongen.

Informasjonsplikt

I avlsarbeidet har både hoppeeigar og hingsteeigar/-haldar ansvar for at alle bedekningar samt resultatet av bedekninga vert registrert hos det stambokførande og passutskrivande organ (NHS) innan dei fristar som er sett. Hoppeeigar har ansvaret for å registrere resultatet av bedekninga. Alle resultat skal registrerast, uansett om hoppa er tom, har kasta, fått levande føl, eller anna.

Bedekningsliste

Hingsteeigar/-haldar har ansvar for å sende inn lister over alle hopper hingsten har bedekt inneverande sesong til NHS og NFL.

Springsetel

Ein springsetel skal fyllast ut for kvar hoppe og leverast hoppeeigar som kvittering på betalt sprangavgift. Ved å skrive ut springsetel bekreftar hingstehaldar at avkommet kan registrerast.

Vedlegg 8 Avkomsvurdering

Avkomsvurdering av hingstar

Avkomsvurdering av hingstar skal gjerast etter gjeldande reglar for offisielle hesteutstillingar. I tillegg til å oppfylle minimumskriteria skildra under, vert det gjort ei heilskapleg vurdering av avkomsgruppa, t.d om avkom er av betre kvalitet enn halvsøsken. Hingstar vert avkomsvurderte når dei møter til tredje gongs individdømming, og kan meldast til ny avkomsvurdering seinare av eigar. Hopper må meldast til avkomsvurdering av eigar.

Kriterium for bedømming av avkomsgrupper

Minimumskrav for hingstar

I tillegg til å oppfylle minimumskrava skildra under, vert det gjort ei heilskapleg vurdering av avkomsgruppa, som omfattar mellom anna kor jamn avkomsgruppa er og om hingsten sine avkom er av betre kvalitet enn halvsøsken med anna mor.

Avkomsgrad Elite: Minst 2 kåra eller premierte hingstar der minst 1 har 1. eller 2. premie.

Minst 8 hopper med premiegrad der minst 1 har 1.premie og minst 4 har 2. premie.

Avkomsgrad A: Minst 2 kåra eller premierte hingstar og minst 5 hopper med premiegrad der minst 3 må ha 1. eller 2. premie.

Avkomsgrad B: Minst 1 kåra eller premiært hingst. Minst 5 hopper med premiegrad.

Vallakar med 1. og 2. premie kan erstatte hopper i avkomsvurderinga.

Minimumskrav for hopper

I tillegg til å oppfylle minimumskrava skildra under, vert det gjort ei heilskapleg vurdering av avkomsgruppa, som omfattar mellom anna kor jamn avkomsgruppa er og om hoppa sine avkom er av betre kvalitet enn halvsøsken med anna far. Det er ingen krav om å ha avkom av begge kjønn.

Avkomsgrad Elite: Minst 4 avkom etter minst 3 hingstar. Minst 4 kåra eller premierte avkom der minst 1 avkom har 1. premie og minst 3 har 2. premie.

Avkomsgrad A: Minst 4 avkom etter minst 3 hingstar. Minst 3 avkom med 1. eller 2. premie.

Avkomsgrad B: Minst 4 avkom der minst 4 må vere premierte.

Premierte vallakar med 1. og 2. premie er teljande i avkomsvurderinga.

Tildeling av avkomspremie vert vurdert av NHS og NFL i forkant av utstillinga.

Vedlegg 9 Kontroll med innavlsutvikling

Fjordhesten har hatt ei relativt stabil innavlsutvikling dei siste åra. Dette kan skuldast mellom anna fokus på bruk av unge hingstar, bruk av hingstar frå ulike linjer, samt import av avlsdyr. I ein liten populasjon med få fødte føl per år er det likevel eit behov for å overvake situasjonen og oppretthalde tiltak for å avgrense innavslauken.

Mål: Innavlsauken i rasen skal ikkje overstige FAO¹¹ si tilråding om ei maksimal innavlsauke per generasjon på 0,5 – 1%.

Tiltak og verktøy i praksis

Fleire hingstar visast som treåringar, godkjennast for avl og brukast.

- Bruke slektskapsinformasjon i kåringsavgjersler og kårer så mange hingstar som mogleg
- Stimulere til jamn bruk av hingstar
- Bruke hingstar med fordelaktig slektskap aktivt i ulike prosjekt
- Stimulere hoppeeigarar til å velje hingstar med fordelaktig slektskap

Fleire hoppeeigarar skal ta inn slektskap i vurdering av aktuell hingst og hovudtyngda av bedekningar skal ligge rundt eller under snittet for rasen.

- Informasjon til hoppeeigarar om viktigheit av slektskap mellom hingst og hoppe, samt viktigheita av gode kombinasjonar for å produsere avkom som kan bidra i avlen
- Tilgang på slektskapssjekk for hesteeigarar
- Foredrag og artiklar i medlemsbladet og andre fora
- Avlsråd frå avlsutvalet, inkludert om slektskap

Hingstehaldarar bidreg til å avgrense innavlsauke

- NFL oppmodar alle hingstehaldarar til å ikkje godta hopper som er for nært i slekt med hingsten¹².
- Generell avgrensing på slektskap for slepp i regi av Norges Fjordhestlag (t.d. i Sikkilsdalen)¹².
- Avgrensing på slektskap mellom hingst og hoppe ved utbetaling av avlstilskot til lokallag/medlemmar¹².

Redusere enkelthingstar/hingstelinjer sitt bidrag i populasjonen.

- Bruke EvA eller andre relevante verktøy i utarbeiding av livstidskvoter, individuelle kvoter eller andre kvoter etter behov.

¹¹ FAO = Food and Agriculture Organization, FNs organisasjon for ernæring og landbruk

¹² Bedekningar som gir avkom med innavlsgrad >12,5% er ikkje tilrådd